

Uttale frå Landbrukskontoret i høve tiltak på bustadeigedomen gbnr 180/19 Leivestad



Underteikna var på synfaring på eigedomen gbnr 180/19 onsdag 22.februar. Vart der orientert om søkjar sine planar og fekk sjå kva som er gjennomført av tiltak for å oppnå ei god løysing mellom bustadtomta og landbrukseigedomen gbnr 180/1.

Søkjar ynskjer å riva det gamle våningshuset på gbnr 180/19. Huset er frå 2.halvdel av 1880 – talet med eit tilbygg frå 1960 – talet. 1,5 etasje utan kjeller. Huset stettar ikkje dagens krav til standard og krev omfattande ombygging / rehabilitering for å stetta dagens krav. Underteikna meiner at bygget ikkje har noko kulturhistorisk verdi.

Søkjer ynskjer å bygge seg eit våningshus for alderdomen på eit plan på eigedomen og overdra landbrukseigedomen til neste generasjon.

Landbrukseigedomen vert i dag hausta av andre og det er i dag ikkje dyr i driftsbygningen.

Gbnr 180/19 har fått ny veg frå nord og har ikkje veg/vegrett gjennom tunet på landbrukseigedomen gbnr 180/1.

Planstatus i området er LNF.

Landbrukskontoret har ingen innvending mot riving av det eksisterande bustadhuset og oppføring av nytt bustadhus på eigedomen gbnr 181/19 Leivestad.

Knarvik, 1.mars 2017



Kjartan Nyhammer

Landbrukssjef

Lindås Kommune